

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 60/2016**

2017/EØS/66/20

av 18. mars 2016

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2015/2174 av 24. november 2015 om den rettleiande oversikta over miljøvennlege varer og tenester, formatet for oversending av data innanfor europeiske miljøøkonomiske rekneskapar og dei nærmare reglane, strukturen og periodisiteten til kvalitetsrapportane i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 691/2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XXI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XXI etter nr. 27c (europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 691/2011) skal nytt nr. 27ca lyde:

”27ca. **32015 R 2174**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2015/2174 av 24. november 2015 om den rettleiande oversikta over miljøvennlege varer og tenester, formatet for oversending av data innanfor europeiske miljøøkonomiske rekneskapar og dei nærmare reglane, strukturen og periodisiteten til kvalitetsrapportane i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 691/2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar (EUT L 307 av 25.11.2015, s. 17).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2015/2174 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 19. mars 2016, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 18. mars 2016.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

⁽¹⁾ TEU L 307 av 25.11. 2015, s. 17.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.